

Vår sakshandsamar
Cato Dørmænen

Vår dato
12.01.2015

Vår referanse
2014/4365-2/315

Tidligere dato

Tidligere referanse

Til
Fylkesmannen Hordaland

Postboks 7310
5020 Bergen

Uttale til offentlig ettersyn og høyring - Reguleringsplan Hjertås Industriområde, planid 1256 2012 0002. Innsigelse.

Viser til høyring av reg.plan Hjertås Industriområde, Meland kommune. Høringsfrist er sett til 20.01.2015.

Forsvarsbygg uttaler seg i arealplansaker med omsyn til å ivareta Forsvarets arealbruksinteresser.

Forsvarsbygg vil presisere at vi kan ikkje finne at vi har vore høringspart i oppstartsfasen av dette planarbeidet. Unntaket er arbeidet knytt til eldre reg.plan Hjertås Sør, planid 12562000126. Til denne planen hadde Forsvarets bygningstjeneste ingen merknader, men då basert på andre planforutsetnader, samt andre forutsetnader for Forsvarets interesser i området.

Forsvarsbygg vektlegg såleis uttalen til gjeldande høring med bakgrunn i at Forsvarets interesser har endra seg vesentlig sidan arbeidet med opprinnelig plan som pågjekk i perioden 1997-1999, jf planid 12562000126, Hjertås Sør.

Til høringsforslaget for Hjertås Industriområde (planid 1256 2012 0002) har vi følgjande merknader, som oppsumert vil gå på ivaretagelse av Forsvarets nasjonale interesser;

Forsvaret har aktive interesser i Hjeltefjorden, der Forsvarets målestasjon på Heggernes er av betydning. Hjeltefjorden er, grunna Heggernes målestasjon, belagt med militær forbudssone i sjø, jf FOR 2010-08-30.

Forsvarsbygg og Forsvaret har i samråd vurdert formåla i planforslaget og finn at formål «kai» knytt til kombinert formål SM/N/KAI, ikkje er forenlig med Forsvarets interesser i området. Det samme gjer seg gjeldande til formål o_HS, havneområde i sjø.

Desse to formåla er ikkje forenlige med Forsvarets aktivitet og interesser knytt til Heggernes målestasjon og heller ikkje i lys av militær forbudssone i sjø.

Postadresse	Fakturaadresse	Telefon	E-postadresse	Org. nr.
Postboks 405	Fakturasenteret	815 70 400	post@forsvarsbygg.no	975 950 662
Sentrum	Postboks 4394	Telefaks	Internett	Bankkonto
0103 Oslo	2308 Hamar	23 09 78 03	www.forsvarsbygg.no	4714 10 00280

Forsvarsbygg er satt til å ivareta Forsvarets nasjonale interesser og vil derfor måtte inngi innsigelse til dei omtalte formåla ovanfor, som gjer inngripen i den militære forbudssoona knytt til Heggernes målestasjon.

Haakon W Øberg
Direktør

Forsvarsbygg Eiendom

Dette dokumentet er elektronisk godkjend og difor ikkje signert.

Kopi til:
Meland kommune Postboks 79 5906 FREKHAUG